

Soga om Ølhette

Omsett av Ivar Berg

Om *Ølkofra saga*

Denne saga er skriven seint i trettande hundreåret og overlevert i *Möðruvallabók*, AM 132 folio, frå første helvta av fjortande hundreåret. Ho handlar om Ølhette, ein bonde som sel øl på Alltinget. Han vert saksøkt av fleire gødar for å ha brent ned ein skog dei eig, men får hjelp av Brodde Bjarnesson; saka endar med ei utveksling av fornærmingar på Alltinget. Dei omtala historiske personane levde ikkje samstundes, så dette er rein fiksjonslitteratur som gjer narr av rettssystemet, og ikkje bygd på munnleg tradisjon.

Mange utgåver omtalar teksten som ein *tått*, sidan han er relativt stutt og har ei konsentrert handling. Men i *Möðruvallabók* er han kalla *saga*, og er i så fall den stuttaste islendingesoga (jf. *Soga om Torstein Kvite*). Teksten er omsett frå utgåva i *Íslensk Fornrit XI*, s. 83–94.¹

Kapittel 1

Torhall heitte ein mann. Han budde på Torhallsstad i Blåskogane. Han åtte mykje gods, og var noko tilårskomen då denne saga hende. Han var liten og stygg. Han var ingen idrettsmann, men hendt med jarn og tre. Han tente mykje på å bryggja øl til tinget, og av denne sysla vart han snart kjend med alt storfolk, for dei kjøpte mest mungåt. Det var då som det ofte kan vera, at mungåtet er forskjellig likt, og likeins dei som sel det. Ikkje var Torhall kalla raus, men heller gjerrig. Augo hans var dårlege. Ofte var det vanen hans å ha ei hette på hovudet, og alltid på tinget, og fordi han ikkje var så kjend av namn, gav tingmennene han det namnet som feste seg: Dei kalla han Ølhette.

Det hende ein haust at Ølhette fór i skogen han åtte, og etla seg til å brenna kol som han pla. Den skogen gjekk opp frå Ramnaberga og aust frå Langelid. Han gav seg til der nokre dagar og gjorde klart kolet, og brende sidan veden og

¹ Lett revidert versjon av omsetjinga trykt i Jon Gunnar Jørgensen & Jan Ragnar Hagland (red.), *Islendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættar*, band V, s. 199–204. Reykjavík: Saga forlag, 2014.

vakte om natta over kolmilene. Men då det leid utpå natta, somna han, og elden kom frå kolmilene og slo opp i greinene der, og det flamma brått opp. Straks etter slo elden over i skogen, og han byrja brenna. Då vart det sterk vind. No vakna Ølhette, og var glad for at han berga seg. Elden spreidde seg i skogen. Fyrst brann all den skogen som Ølhette åtte, og sidan gjekk elden i dei skogane som låg attmed, og alle skogane vidt omkring brann. Der heiter det no Svidinga.

Der brann den skogen som var kalla Gødeskog, som seks gødar åtte. Éin var Snorre gøde, den andre Gudmund Øyjolvsson, den tredje Skafe lovseiemann, den fjerde Torkjell Geitesson, den femte Øyjolv, son hans Tord Gjelle, den sjetten Torkjell Trevle Raude-Bjørnsson. Dei hadde kjøpt skogane for å ha til nytte for seg på tinget. Etter denne kolbrenninga fór Ølhette heim.

Desse tidendene spurdest vidt om heradet, og kom fyrst til Skafe av dei som hadde vorte til skade. Om hausten sende han bod nord til Eyjafjorden med dei mennene som skulle reisa mellom herada, og lét fortelja Gudmund om skogbrannen, og dessutan at denne saka kunne verta lønsam. Slik bodskap fór òg vest i heradet til dei mennene som hadde ått skogar. Vinteren etter fór sendebod mellom dei alle, og det enda med at dei seks gødane skulle møtast på tinget og verta samrædde i saka; Skafe skulle førebu søksmålet, for han budde nærast.

Då våren og stemnedagane kom, reid Skafe med mange menn bort og stemnde Ølhette for skogbrannen og ville straffa han med skoggangsdóm. Ølhette var hissig og storkjefta, og lét til at viss venene hans kom til tinget, skulle ikkje Skafe snakka like høgt. Skafe svara lite, og reid bort.

Sommaren etter kom dei seks gødane som hadde ått skogen, til tinget og møttest straks. Det vart avgjort at saka skulle halda fram og dei skulle krevja ei ovstor bot eller sjølvdøme.

Ølhette kom til tinget og hadde mungåt å selja, og kom til møtes med venene sine som pla kjøpa øl av han. Han bad dei om hjelp og ville gje dei øl, men dei svara alle på same vis, at dei hadde ikkje gjort nokon handel saman som hadde vore til fordel for dei, og dei sa at dei ikkje ville tirra bjørnen ved å ta del i saka hans med slike stormenn, og ingen ville lova han hjelp, og ingen ville handla med han. Han tykte då saka vart heller vanskeleg. Så gjekk han mellom buene, men fekk ingen tilsvar endå han bad folk om hjelp. Då vart det slutt på storlætet og ovmodet hans.

Så var det ein dag at Ølhette kom til bua hans Torstein Side-Hallsson, og kom fram for han og bad om hjelp. Torstein gav han same svar som dei andre.

Kapittel 2

Ein mann heitte Brodde Bjarnesson. Han var mågen hans Torstein og sat nærast han. Brodde var då i tjuårsalderen. Ølhette gjekk ut frå bua etter at Torstein

hadde nekta han hjelp.

Då sa Brodde: «Det synest meg, måg, som om denne mannen ikkje høver bra som skoggangsmann, og det er stakkarsleg av dei som meiner seg vera store, å gjera han utlæg. No er det mandig framferd, måg, å hjelpe han, og det kan du råd med.» Torstein svara: «Hjelp han du, viss du er så ivrig på det, og eg skal fylgja deg i det som i anna.»

Brodde sa til ein mann at han skulle gå etter Ølhette. Han gjorde det, og der ved buveggen fann han Ølhette. Han stod der og gret ynkeleg. Mannen bad han gå inn i bua og slutta med skrikinga, «og ikkje skal du hulka når du kjem til Torstein.» Ølhette vart gråteferdig av glede og gjorde det.

Då dei kom for Torstein, tok Brodde til orde: «Det tykkjest meg som Torstein vil hjelpe deg, og han tykkjer dette er ei unødig rettssak. Du kan ikkje passa skogen deira når du brenner den du sjølv eig.»

Ølhette sa: «Kven er den gode mannen som no talar med meg?» «Brodde heiter eg», sa han. Då sa Ølhette: «Kan det vera Brodde Bjarnesson?» «Det er det», sa Brodde. «Det er både det», sa Ølhette, «at du er gjævare å sjå til enn andre menn, og endå har du ætt til det», og han tala lenge om det og vart djerv i målet. «No er på tide», sa Torstein, «viss du er så ivrig, Brodde, å hjelpe han, sidan han lovpriser deg så mykje.»

Då stod Brodde opp, og mange menn med han, og gjekk ut av bua. Han fekk Ølhette på tomannshand og tala med han. Så gjekk dei opp på vollane. Der var det mykje folk som hadde vore i lagretten. Då dei andre hadde gått bort, sat Gudmund og Skafta att og tala om lova.

Brodde og fylgjesmennene hans dreiv ikring på vollane, og Ølhette gjekk i lagretten. Han kasta seg til jorda og kraup til føtene deira og sa: «Eg er glad eg har funne dykk, mine høgst æra menn og hovdingar, og kunne de vilja hjelpa meg, gode menn, jamvel om eg er uverdig, for eg vert no kasta ut på djupt vatn om de ikkje hjelper meg.» Det tek lang tid å fortelja alt Ølhette sa, og han høyrdest ynkeleg ut på alle vis.

Då sa Gudmund til Skafta: «Denne mannen høyrdest svært stakkarsleg ut.» Skafta svara: «Kvar er ovmodet ditt no, Ølhette? Det tyktest deg lite truleg i vår, då me fór og stemna deg, at det ville vera beste vona di å leggja saka under meg. Eller kor stor vert hjelpa frå hovdingane som du truga meg med i vår?»

Ølhette sa: «Øren var eg då, og endå verre då eg ikkje ville at du skulle døma i saka mi. Men nemn ikkje hovdingane, for dei er motlause alle saman når dei ser dykk koma. Glad var eg om eg oppnådde at saka mi kom under dykk. Men har eg noka von om det? Det er rimeleg, kjære Skafta, at du har vorte så sint på meg at det ikkje er mogleg no. Eg var ein dåre og tosk då eg ikkje godtok avgjerda di, og eg torer ikkje sjå dei hjartelause mennene som straks vil drepa meg om ikkje de hjelper meg.» Han sa støtt det same, at han var glad om dei ville døma i saka hans: «Det tykkjest meg best for godset mitt at de to har det.»

Gudmund sa til Skafte: «Eg trur ikkje denne høver særleg til utlegd, men kan det ikkje heller vera ein utveg at me gjer han glad og lèt han velja menn til denne skiltsdomen? Men eg veit ikkje korleis dei andre som har stemna han, vil lika det.»

»No då, gode menn», sa Ølhette, «gje meg litt hjelp etterpå.»

Skafte sa: «Avgjerda i denne saka er mi, for eg fører henne. Me skal våga oss på det, Ølhette, at eg og Gudmund avgjer denne saka. Eg trur du vil stå deg bra på hjelpa vår.»

Då reiste Ølhette seg opp og tok dei i hendene. Ølhette nemnde straks nokre vitne, den eine etter den andre, og då vitnenemninga tok til, dreiv folk innåt. Fyrst nemnde Ølhette Brodde og fylgjesmennene hans.

Skafte sa: «Motparten vår bed meg og Gudmund om å avgjera denne saka, og jamvel om me som har vorte skada, har vorte samde om at me skulle ha sjølv-døme, så vil eg og Gudmund no by han at me to avgjer dette, heller enn andre menn, om Torhall vil godta den utveljinga. De skal vera vitne på at i denne saka skal det dømast bot og ikkje utlegd. Eg gjev handa mi på at søksmålet eg stemnde i vår ikkje vert fremja.» Så tok dei kvarande i hendene på det.

Då sa Skafte til Gudmund: «Er det ikkje like greit at me avsluttar dette?» «Det er det», sa Gudmund.

Ølhette sa: «De treng ikkje skunda på slik, for eg er ikkje rådd på å velja dykk heller enn andre menn.»

Gudmund sa: «Det var avgjort at me skulle avgjera det, minders du heller vel dei andre som har denne saka i lag med oss.»

Ølhette sa: «Eg nekta heile tida for at dei skulle avgjera det, men det var sagt i avtala at eg skulle velja to menn som eg ville.»

Då vart det leita etter vitne til avtala, og tingmennene åt Gudmund og Skafte krangla på korleis avtala var; men Brodde og fylgjesmennene hans sa klårt frå om at avtala hadde vore som Ølhette sa, at han skulle velja menn til avgjerda.

Då sa Skafte: «Kvar kom den bylgja av hjelp frå, Ølhette? Eg ser at du held rompa litt rettare enn for ei stund sidan. Men kva menn vil du velja til å avgjera saka?»

Ølhette sa: «Det skal eg ikkje tenkja lenge på. Eg vel Torstein Hallsson og Brodde Bjarnesson, mågen hans, og eg tenkjer at då går saka betre enn om de to avgjorde henne.»

Skafte sa at han trudde saka ville gått bra om dei avgjorde henne òg, «for klagemåla våre er klare og greie, og dei er så kloke at dei kan sjå kor hard medfart du har fortent.»

Ølhette gjekk med flokken hans Brodde, og folk fór heim til buone sine.

Kapittel 3

Dagen etter skulle domen seiast fram. Torstein og Brodde samrødde seg. Torstein ville døma større bot, men Brodde sa det var klokast å gjera som han ville, og sjølv seia fram forliket. Brodde bad han velja kva han ville, seia opp forliket eller svara om nokon ville klaga på avgjerda. Torstein lét til at han heller ville seia fram forliket enn skifta ukvemsord med gødane. Så sa Torstein at Ølhette ikkje skulle trenga venta lenge på domen sin, og at alt godset skulle betalast på Lovberget.

Sidan gjekk dei til Lovberget. Og då det var tid for å seia fram rettsavgjerda, spurde Torstein Hallsson kvar på Lovberget dei gødane som hadde kjæremål mot Ølhette var: «Det er fortalt meg at eg og Brodde skal avgjera denne saka. Me skal no seia fram domen viss de vil høyra etter.» Dei sa dei venta seg gods, og at dei ville få retten sin i saka.

Då sa Torstein: «Det ser ut for oss som skogane åt dykk karane ikkje var mykje verde. Dei var dårlege og langt borte og lite til gagn for dykk. Eigartongen var stor i dei menne som hadde nok å velja i, og likevel kravde skogane med dei andre eignedomane sine. Og han kan ikkje vera ansvarleg for dykkar skog når han brende sin eigen, og slikt er vådeverk. Men når det er kome til doms, skal det bøtast noko for det. De seks karar har ått skogane. No dømer me seks alen åt kvar av dykk, og det skal betalast her straks.»

Brodde hadde gjort klart og mælt opp vadmål, og no kasta han eit lite stykke åt kvar av dei, og sa: «Slikt kallar eg horeløn.»

Skafta sa: «Det er lett å sjå, Brodde, at du er ivrig på å verta uven med oss. Du har stukke deg fram i denne saka, og du går ikkje uviljug til fiendskap med oss. Det kan vera at andre saker går betre for oss.»

Brodde svara: «Du treng nok ta meir i andre rettssaker, Skafta, viss du skal fylla det holet Orm, frenden din, reiv i deg for kjærleiksdiktet du gjorde åt kona hans. Det var stygt gjort og like ille lønt.»

Då sa Torkjell Trevle: «Slike menn som Brodde fer heilt gale åt. Han vil ha venskapen hans Ølhette eller nokre mutegåver, og for det gjer han seg til uvens med slike menn som han har imot seg her.»

Brodde sa: «Ikkje er det eit mistak å vera heilhuga, jamvel om det er skilnad mellom dykk og Ølhette. Men det var eit mistak i vår då du reid til vårtinget og ikkje ansa at Steingrim hadde ein smellfeit grahest. Han la seg opp på ryggen din, og merra du reid var mager og fall under deg. Eg har ikkje høyrte sikkert korleis ho kravla seg fram, men det såg folk, at du sat fast lenge, for hesten la føtene fram over kappa di.»

Øyolv Tordsson sa: «Det er sant som det er sagt at denne mannen har teke oss ved nasen, og endå æreskjeller han oss attpå.»

Brodde sa: «Ikkje har eg teke dykk ved nasen. Men du vart teken ved nasen då du fór nord til Skagefjorden og stal oksar frå Torkjell Eiriksson, og Guddals-

Starre reid etter deg og du såg forfylginga då de var komne til Vatndal. Då vart du så redd at du skapa deg om til ei merr, og det var eit fælsleg under, men Starre og karane dreiv oksane attende. Og det er sant at han tok deg ved nasen.»

Då sa Snorre gøde: «Alt er betre å ta seg til enn å skifta vondord med Brodde. Men det er likast at me legg oss på minnet denne fiendskapen Brodde syner oss, om me får eit høve.»

Brodde sa: «Du snur opp-ned på æra, Snorre, når du tenkjer mykje på å hemna deg på meg, men ikkje hemner far din.»

Då sa Torkjell Geitesson: «Det synest som du har det etter han du er kalla opp etter, for han ville tala usømeleg om kvar mann. Men folk toler ikkje det, og du kan liggja drepen når det lid ei stund.»

Brodde sa: «Det er ikkje vår vis, frende, å lyfta fram ulukkesfrendane våre for ålmugen her, men det skal ikkje døljust at mange veit at Brodd-Helge vart drepen. Det vart meg òg fortalt at far din tok ei skamleg betaling. Og eg trur at om du leitar, kan du kjenna med fingrane korleis far min merkte deg i Bodvarsdal.»

Etter det skildest dei og gjekk heim til buene. No er Ølhette ute or saga.

Kapittel 4

Dagen etter gjekk Brodde til bua hans Torkjell Geitesson, og inn i bua og snakka til Torkjell. Han svara lite, og var svært vreid.

Brodde sa: «Eg er komen hit, frende, fordi eg er misnøgd med det eg sa åt deg. Eg vil be deg om at du reknar det for barneskap og uforstand, og at det ikkje skal gjera venskapen vår dårlegare. Her er eit prydd sverd som eg vil gje deg. Eg vil samstundes at du kjem i gjestebod hjå meg i sommar, og det skal verta kjent at det ikkje skal finnast meir kostesame ting i mitt eige enn dei du skal få.»

Torkjell tok takksamt imot dette, og sa han gjerne ville at dei skulle gjera god att venskapen sin. Så gjekk Brodde heim.

Det var kvelden før tinget var slutt at Brodde gjekk vest over åa, og ved bruenden møttest han og Gudmund, utan at dei helsa. Men då dei skildest, snudde Gudmund seg etter han og sa: «Kva lei skal du ri frå tinget, Brodde?»

Han snudde seg att og sa: «Om du lurar på det, så skal eg ri om Kjølen til Skagafjorden, så til Eyjafjorden, derifrå til Ljosavatnskaret og så til Myvatn og sidan til Mødrudalsheia.»

Gudmund sa: «Hald ordet ditt og ri Ljosavatnskaret.»

Brodde sa: «Det skal eg halda, men tenkjer du å stengja skaret for meg, Gudmund? Du går heilt bakvendt fram viss du stengjer Ljosvatnskaret for meg, så eg ikkje kan fara der med fylgjesmennene mine, men du stengjer ikkje det litle skaret som er mellom rumpeballane dine så det er skadeslaust.» Dei skildest med dette sagt, og desse orda spurdest på heile tinget.

Og då Torkjell Geitesson fekk høyra dette, gjekk han og fann Brodde, og bad han ri Sandleia eller iallfall lenger aust. Brodde sa: «Eg vil ri den leia som eg har sagt åt Gudmund, for han vil rekna meg for ein reddhare om eg ikkje fer der.»

Torkjell sa: «Då skal me ri saman baa to, frende, med den litle flokken vår.»

Brodde sa at han tykte det var ære i fylgjet hans, og lét til at han gjerne ville ha det.

Så reid Torkjell og Brodde saman med flokkane sine nordover Øksnadalsheia. Dei reiste åleine, berre med Einar Øyolvsson, mågen hans Torkjell. Brodde og Torkjell reid til Tverå med Einar og var der om natta. Sidan reid Einar vidare med dei med ein stor folkehop, og dei skildest ikkje før ved Skjålvandafjot. Då reid Einar heim, og Torkjell og Brodde stogga ikkje ferda si før dei kom aust i Våpnafjorden til heimane sine.

Den sommaren fór Torkjell i gjestebod hjå Brodde, frenden sin, og fekk storgode gåver der. Dei hadde den beste skyldskap og venskap, og det heldt seg medan dei levde.

Og der endar saga om Ølhette.